



# VINDAFJORD KOMMUNE

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** Rådhuset  
**Dato:** 09.02.2026  
**Tid:** Kl. 09:00 - 11:33

---

| <b>Følgande medlemmer møtte</b> | <b>Parti</b> |
|---------------------------------|--------------|
| Lilleland, Wenche S             | AP           |
| Kristin Bøygard Holthe          | H            |
| Dyngeland, Leon                 | KRF          |
| Austrheim, Arild Roar           | SP           |
| Berentsen, Anne Cecilie         | SP           |
| Sandsgård, Tormod               | VILI         |

| <b>Forfall</b> | <b>Parti</b> | <b>Varamedlemmer</b> | <b>Parti</b> |
|----------------|--------------|----------------------|--------------|
| Kvamme, Gerd   | FRP          |                      |              |

### Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside og i Grannar.

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 02.02.2026.

Møtet vart leia av Anne Cecilie Berentsen.

Forfall Gerd Kvamme (Frp).

Ingen varamedlemmer kunne stilla, møtet vert derfor gjennomført med 6 medlemmer og er vedtaksføre.

Frå administrasjonen:

Nils Erik Eide, kommunalsjef oppvekst  
Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef helse  
Turid Askeland, einingsleiar Barnevern  
Anita G. Grindheim, barnehage og skulesjef  
Hilde Hellenes, Kommunikasjon og service

Mona Kristin Haraldseid, politisk sekretariat.

Innkalling: Ingen merknad

Saksliste: Ingen merknad

## Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel                                                                                   |
|---------|----------------------------------------------------------------------------------------------|
| 001/26  | Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll                                       |
| 002/26  | Referatsaker                                                                                 |
| 003/26  | Orienteringssaker                                                                            |
| 004/26  | Busetting av flyktningar i Vindafjord kommune i 2026                                         |
| 005/26  | Helse og omsorgsplan for 2026-2036                                                           |
| 006/26  | Imsland landhandel AS - søknad om endring av driftsform for eksisterande salsløyve 2024-2028 |
| 007/26  | Spørsmål til administrasjonen                                                                |

## **001/26 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll**

3 medlemmer blir valgt til å signere møteprotokoll

### **09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg**

#### **Behandling**

Møteleiar fremma forslag om Arild Austrheim (Sp) og Tormod Sandsgård (VILI) til å godkjenne og signera møteprotokoll.

Dette blei samrøystes vedtatt.

#### **OPOM - 001/26 Vedtak:**

Til å skrive under møteprotokoll vart desse valde:

1. Anne Cecilie Berentsen (Sp), møteleiar
2. Arild Austrheim (Sp)
3. Tormod Sandsgård (VILI)

## **002/26 Referatsaker**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

### **09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg**

#### **Behandling**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 6 stemmer.

#### **OPOM - 002/26 Vedtak:**

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

## **003/26 Orienteringssaker**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

### **09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg**

#### **Behandling**

Orientering frå Turid Askeland, einingsleiar barnevern  
Orientering frå Nils Erik Eide, kommunalsjef oppvekst  
Orientering frå Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef helse og omsorg

Utvalsleiar Anne Cecilie Berentsen (Sp) har sendt spm. til kommunalsjef for helse og omsorg før møtet, der ho ber om ei skriftleg orientering i forhold til saka om faslegesituasjonen ved Vikedal legekontor. Sigurd Gjerdevik las opp ei skriftleg orientering om saka, som vil bli lagt ved i protokollen her:

**Kommunalsjef Sigurd Gjerdevik svara dette på spørsmålet :**

**Vindafjord kommune har ikkje lukkast med å rekruttera nye fastlegar til Vikedal legekontor innan fristen. Ein startar no ein prosess for å overføre legeheimlane til Ølen legekontor, i tråd med kommunestyret sitt vedtak.**

Vindafjord kommune har over lengre tid arbeidd for å rekruttera nye fastlegar til Vikedal legekontor, utan å lukkast.

Då kommunedirektøren i oktober 2025 la fram forslag om å overføre legeheimlane til andre legekontor, vedtok kommunestyret at dersom ein ikkje hadde rekruttert fastlegar til begge heimlane i Vikedal innan 1. februar 2026, skulle kommunedirektøren få fullmakt til å overføre heimlane til Ølen legekontor.

**Vedtak i kommunestyret**

«Kommunedirektøren held fram med stillingsutlysing og rekrutteringsarbeid ved legekantoret i Vikedal. Dersom ein ikkje har lukkast med å tilsetja legar i begge stillingsheimlane innan 1. februar 2026, har kommunedirektøren fullmakt til å overføre stillingsheimlane til Ølen legekantor.»

**Startar prosess for overføring**

Sidan kommunen ikkje har klart å rekruttera nye fastlegar til Vikedal legekantor innan fristen, har kommunedirektøren no starta ein prosess der det blir planlagt å overføre legeheimlane til Ølen legekantor, i tråd med kommunestyret sitt vedtak frå 21.10.2025.

**Vidare framdrift og informasjon**

HR-avdelinga vil sikra at prosessar med tilsette og tillitsvalde blir gjennomførte på ein god og ryddig måte.

Det er enno for tidleg å seia noko om når ei endeleg overføring vil skje, men kommunen vil gjennom våren 2026 leggja vekt på godt informasjonsarbeid og nødvendige førebuingar.

**Votering:**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 6 stemmer.

**OPOM - 003/26 Vedtak:**

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

## **004/26 Busetting av flyktningar i Vindafjord kommune i 2026**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

## **09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg**

### **Behandling**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

5 stemmer for, 1 stemmer i mot, Kristin Bøygard Holthe (H) . Forslaget gjekk vidare.

### **OPOM - 004/26 Vedtak:**

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerkta statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

## **005/26 Helse og omsorgsplan for 2026-2036**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036 slik den ligg føre.

## **09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg**

### **Behandling**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 6 stemmer.

### **OPOM - 005/26 Vedtak:**

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036 slik den ligg føre.

## **006/26 Imsland landhandel AS - søknad om endring av driftsform for eksisterande salsløyve 2024-2028**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Imsland Landhandel AS får utvida sitt gjeldande salsløyve til også å gjelda sal av alkohol gruppe 1, inntil 4,7 volumprosent, når butikken er fjernbemanna ved hjelp av digitale løysingar som sikrar at krav i alkoholregelverket vert fulgt og er innanfor gjeldande salstider.

Imsland Landhandel AS er ansvarleg for at løyvet vert utøvd på ein slik måte at dei vilkår som er nevnt i lov og forskrift, til ei kvar tid er oppfylte.

## **09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg**

## Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 6 stemmer.

### OPOM - 006/26 Vedtak:

Imsland Landhandel AS får utvida sitt gjeldande salsløyve til også å gjelda sal av alkohol gruppe 1, inntil 4,7 volumprosent, når butikken er fjernbemanna ved hjelp av digitale løysingar som sikrar at krav i alkoholregelverket vert fulgt og er innanfor gjeldande salstider.

Imsland Landhandel AS er ansvarleg for at løyvet vert utøvd på ein slik måte at dei vilkår som er nevnt i lov og forskrift, til ei kvar tid er oppfylte.

## 007/26 Spørsmål til administrasjonen

### 09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg

## Behandling

### Spørsmål frå Ivar Ødegård (VILI):

Utvida førespurnad til områdeleiarar – bruk av kunstig intelligens (KI) og velferdsteknologi

Er det mogeleg å få ei samla oversikt over status, planar, kompetanse og forankring knytt til bruk av kunstig intelligens (KI) og velferdsteknologi i områdene som ligg under fagutvalet? Kan de gje ei kort tilbakemelding på punkta nedanfor.

#### 1. Bruk dei siste to åra

- Har eininga di teke i bruk KI eller velferdsteknologi i drift dei siste to åra?
- Om ja:
  - Kva type løysing eller teknologi er teke i bruk?
  - Kva var hovudformålet (t.d. kvalitetsforbetring, tidsbesparing, ressursutnytting, tryggleik, arbeidsmiljø)?
  - Kva effektar er erfart så langt, til dømes:
    - Forbetring i kvalitet på tenesta?
    - Tidsbesparing eller frigjorde årsverk?
    - Andre målbare eller merkbare effektar (t.d. brukartilfredsheit, økonomi, arbeidsmiljø)?

#### 2. Planar for dei neste to åra

- Har eininga planar om å ta i bruk KI eller velferdsteknologi i større grad dei komande to åra?
- Om ja:
  - Kva område gjeld dette?
  - Kva forventa effektar ser ein føre seg (kvalitet, tidsbesparing, ressursbruk, arbeidsmiljø, m.m.)?

#### 3. Kompetanse og informasjon

- Opplever eininga at de har tilstrekkeleg informasjon og kompetanse om kva moglegheiter som ligg innanfor KI og velferdsteknologi i dag?
- Om ikkje:
  - Kva type informasjon, opplæring eller støtte meiner de ville vore mest nyttig for å ta dette vidare?

## 5. Strategi og forankring

- Er bruk av KI eller velferdsteknologi del av eininga sine mål, strategiar eller årshjul?
- Kven har ansvar for oppfølging og koordinering av slike tiltak?

## 6. Økonomi og gevinstrealisering

- Har eininga kartlagt økonomiske eller ressursmessige gevinstar av tiltaka (t.d. frigjorde årsverk, mindre kjøp av eksterne tenester, auka kvalitet)?
- Vert slike gevinstar følgde opp og dokumentert?

## 7. Etikk, personvern og tryggleik

- Korleis vurderer eininga personvern, datasikkerheit og etiske sider ved bruk av KI og velferdsteknologi?
- Har ein rutinar eller retningslinjer for dette?

## 8. Kompetanse og opplæring

- Kva tiltak vert gjort for å heve kompetansen blant tilsette på KI og velferdsteknologi?
- Er det behov for felles opplæring, ressursmiljø eller deling av erfaringar mellom einingar?

## 9. Samarbeid og deling

- Samarbeider eininga med andre kommunar, KS, statlege etatar eller leverandørar i utvikling/bruk av KI og velferdsteknologi?
- Er det eksempel på løysingar som kunne delast eller skalerast til fleire tenesteområde?

Takk for bidraget til å gi eit heilskapleg bilete av kommunen sitt arbeid og potensiale på desse områda.

### Svar:

Kommunalsjef oppvekst Nils Erik Eide svarte munnleg ut desse spørsmåla i møtet. Sjå vedlegg.

### Spørsmål frå Anne Cecilie Berentsen (Sp):

Kunnskap om utvikling i leseferdigheter etter at nettbrett ble innført i norsk skole peker i retning av at leseferdighet er redusert, spesielt i lange fagtekster. Mangel på fysiske bøker - og lærebøker - blir sett på som del av årsak til dette. Nasjonale prøver for inneværende skoleår for både 5, 8 og 9. kl. viser at resultatene går ned.

I Vindafjord brukes det mye penger til innkjøp av ipad/PC, mens innkjøp av fysiske bøker ikke er synliggjort for oss folkevalgte. I tillegg blir det kjøpt inn lisenser, programvare og digitale læremiddel, slik at hva som er igjen av investeringer til fysiske bøker er ukjent.

I 2023 og 24 bevilget staten penger til fysiske bøker og etter det jeg forstår så skal det komme midler i 2026.

Vår Pedagogiske IKT-plan er fra 2021 - 2024. Mye har skjedd siden da, ny kunnskap, spesielt når det gjelder nytte av nettbrett og av fysiske bøker. Denne planen styrer mye av pengebruken til læremidler og lærebøker.

Kan administrasjonen gi OPOM en oversikt over bruk av penger til alle typer læremidler i 2025 og 2026, status revisjon IKT plan og status lærebøker?

Kan administrasjonen og gi en orientering om hvordan de vil jobbe med «leseløftet» fra verbalpunkt i budsjett 2026 - samt skolebiblioteket sin rolle i dette?

Nettbrett som ikke er sikret mot skadelig innhold, skal ikke lenger sendes med elver hjem fra skolen.  
Hvordan følges dette opp og praktiske konsekvenser?

Vh. Anne Cecilie Berentsen, Sp, Leder OPOM

**Svar:**

Kommunalsjef for oppvekst Nils Erik Eide svarte munnleg ut desse spørsmåla i møtet.  
Sjå vedlegg.

**OPOM - 007/26 Vedtak:**